



Teatret Vårt

ÅRSMELDING AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL 2010

Barneteatret Vårt

Styret si årsmelding	2
Teatersjefen oppsummerer	3
Barneteatret Vårt	6
Resultatrekneskap	8
Balanse	9
Notar	10
Statistikk	13
Økonomisk resultat	13
Revisors beretning for 2010	14
Repertoar	15
Styre og representasjon	18
Personale ved Teatret Vårt	19

## STYRET SI ÅRSMELDING

### Selskapet

AS Regionteatret i Møre og Romsdal har som formål å drive teaterverksemd i Møre og Romsdal fylke. Selskapet sitt forretningskontor er i Molde kommune.

### Arbeidsmiljø og organisasjon

Arbeidsmiljøet i 2010 har vore godt.

Det totale sjukefråværet i år 2010 har vore 0,4 årsverk. Det er ikkje rapportert om skadar eller andre ulykker. Teatret si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø.

### Likestilling

Av 28 faste- og åremålstilsette er kvinnedelen 50%. Av desse er 5 av 9 skodespelarar kvinner. Teatret har eit styre med 4 kvinnelege representantar av 7 styremedlemmer, der styreleiar er kvinne. Kvinnedelen av instruktørar, scenografar, kostymedesigner m.m. varierar mykje frå år til år. Få produksjonar i året gjev store utslag her. Ein må difor sjå tala over fleire år.

### Møter

Styret hadde i 2010 8 styremøte og handsama 34 saker.

### Økonomien i selskapet

Årsrekneskapen er gjort opp med eit overskott på kr 115 318. Sum eigenkapital er på kr 4 526 569. Av dette er kr 550 000 innbetalt aksjekapital. Teatret Vårt legg stor vekt på kostnadskontroll.

Styret er godt nøgd med den samla økonomiske situasjonen og dei kunstnarlege resultata i 2010 for Teatret Vårt, og ynskjer å takke teatersjef og alle medarbeidarane for innsatsen.

Årsrekneskapen for 2010 er satt opp under føresetnad om framleis drift.

Molde 14. april 2011

Elen Lein  
styreleiar

Ottar Brage Guttelvik  
styremedlem

Heidi-Iren Wedlog Olsen  
styremedlem

Per Kåre Trengereid  
nestleiar

Vivi Sunde  
styremedlem

Per Kristian Øyen  
styremedlem

Heidi Løklingholm  
styremedlem

Carl Morten Amundsen  
teatersjef

## TEATERSJEFENS OPPSUMMERING

### Kulturpolitisk merkeår

Kulturpolitisk har 2010 vore eit historisk merkeår. Etableringa av Barneteatret Vårt i Ålesund og starten på bygginga av Teater- og jazzhuset i Molde betyr verkeleggjering av to viktige strategiske mål for Regionteatret i Møre og Romsdal. Kunstarleg kan ein kanskje seie at 2010 har vore meir på det jamne. Ei framsyning peiker seg likevel særleg ut. Det er jazzframsyninga DRIVING MILES av Henning Mankell med Per Egil Aske i hovudrolla. For femte år vart Teatret Vårt nominert til Hedda-prisen. Valborg Frøysnes fekk Hedda for beste kvinnelege birolle for rolla som Mariedl i PRESIDENTINNENE av Werner Schwab.

Publikumstalet er også ganske normalt 30 684 på 301 framsyningar. Det er 1286 fleire enn i 2009 (4%) Talet på framsyningar var i 2009 274. Det er ei vekst på 27, eller 10%. Publikumstalet ligg heilt opp til gjennomsnittet dei siste tre åra (30 648), mens det ligg noko under gjennomsnittet for dei siste elleve åra (36 043). Gjennomsnittalet på framsyningar dei siste elleve åra er 300,6. Med andre ord identisk med talet på framsyningar i 2010.

Økonomisk er året gjort opp med eit overskot på 115 000. Teatret sin likviditet er god og eigenkapitalen er på 4,5 millionar. Det er ikkje nokon grunn til å auke eigenkapitalreserven utan at det skjer i samband med særlege investeringar. Statistikken syner høg aktivitet. Det er likevel ikkje til å setje under stol at byggeprosessen har vore krevjande. Han tek mykje av ressursar, tid og merksemd.

### Husbygging

Hausten 2010 tok byggearbeida med det nye teater- og jazzhuset til. Etter kontrakten skal dette stå ferdig ved utgangen av april 2012. Huset på Gørvellplassen gjer at tida i ulike provisoriske lokale snart er forbi, og teatret kan flytte inn i nye lokale bygd for formåla våre og med ein heilt ny og høveleg sceneteknisk utrusting. Teatret vil i framtida stå langt friare når det gjeld repertoarval, og publikum vil merke at dei i framtida får eit

rikare tilbod med større variasjon. Arbeidsforholda for alle grupper tilsette blir langt betre, og huset opnar opp for viktige samarbeidsrelasjonar mellom kulturinstitusjonane i Molde. Institusjonane har møttest med jamne mellomrom i 2010 og lagt planer for drifta og forhandla fram retningsliner for "sambuarskapen". Vidare har alle institusjonane teke del i detaljplanlegginga av sjølvé huset i samarbeid med arkitekt. Teatret Vårt fører rekneskapen for Molde Kulturbygg AS, teatersjefen er nestleiar i styret i utbyggingsselskapet. Direktøren er forretningsførar i dette selskapet. AS Regionteatret i Møre og Romsdal har etter samtykke i kulturdepartementet teke opp to lån for å finansiere vår del av bygget. Det eine lånet skal finansierast gjennom eigenfinansiert husleige og årlege husleigetilskot frå staten, og det andre lånet gjennom årlege tilskot i 15 år frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

### Barne- og ungdomsteatret – Barneteatret Vårt

Som lovt av statsråd Giske i 2009 fekk teatret gjennomslag for ideen om etablering av ei eiga barne- og figurteatereining i Ålesund. 1,4 million kroner var sett av til formålet i 2010, og i løpet av våren blei planene konkretiserte i samarbeid med Ålesund kommune. Skodespelar Eva Mørkeset vart tilsett i stillinga som kunstarleg leiar. Ho byrja 1. august 2010 i dei lokala barneteatret hadde fått tilvist frå Ålesund kommune i Arbeiderforeningen midt i sentrum av byen. Avdelinga fekk etter namnekonkurranse namnet "Barneteatret Vårt", og i byrjinga av august starta prøvene på den første framsyninga i teateravdelinga, dramatiseringa av Ulf Nilssons tankevekkjande og morosame bok ALLE DØDE SMÅ DYR. Framsyninga hadde noregspremiere 9. oktober. Same dag var det fest utanfor Arbeideren med medverkande ungdom frå Fagerlia vidaregåande. Det var opningsseremoni inne i huset, og det var høgtlesing i foajeen. Framsyninga blei ei lita perle med to skodespellarar i dei tre rollene. Kathinka Rydin Berge sette i scene og Susanne Irene Fjørtoft hadde ansvaret for scenografiens

### Bjørnsonåret

Teatret Vårt tok særskilt aktivt del i markeringa av at det i 2010 var 100 år sidan diktaren, teatermannen, politikaren, journalisten og talaren Bjørnstjerne Bjørnson døydde. Ein av tre nasjonale



CARL MORTEN AMUNDSEN

Teatersjef ved  
AS Regionteatret i Møre og Romsdal


FOTO: ARILD MOEN



## EN HØSTKVELD FØR STILLHETEN

Svein Solenes og Selome Emnetu.

FOTO: ARILD MOEN



## EN HØSTKVELD FØR STILLHETEN

Kristin Kajander og  
Hilde Marie Farstad Bergersen.

FOTO: ARILD MOEN

festframstyringar var lagt til Molde, og Teatret Vårt produserte henne i samarbeid med Bjørnsonfestivalen. Framstyringa fekk tittelen LØFT DITT HODE, og ho gjekk føre seg i Bjørnsonhuset 29. august med HM Kongen til stades.

Tidlegare på året hadde teatret premiere på OVER ÆVNE II av Bjørnson under teaterfestivalen i Ålesund i mars. Uwe Cramer hadde regi for ein formmessig radikal versjon av Bjørnson sitt stykke. Framstyringa blei vist i Kultursekkjen for den vidaregåande skulen. Framstyringa var gjort i eit temmeleg konsekvent ekspresjonistisk teaterspråk, og at ho ville vere krevjande for ein del elevar. Formidlingsavdelinga fekk laga eit teikneseriealbum på 12 sider som på sin måte fortalte denne historia om politisk vold og terrorisme, ein tematikk som ikkje akkurat er blitt mindre på hundre år.

Vi har grunn til å tru at dette tiltaket var velkome, og at det hjelpte når det gjaldt å formidle denne ganske kompliserte teksten til unge menneske. Vi vil likevel ikkje stikke under ein stol at fleire reaksjonar har kome frå lærarar som ikkje likte framstyringa - eller kanskje ikkje forsto særleg mykje av henne. Dette tek teatret til vitande og vil naturleg ta slike tilbakemeldingar med i diskusjonen om framtidige produksjonar for Kultursekkjen. Likevel: Teater er som annan kunst ikkje alltid likt av alle. Nettopp derfor er førebuingars arbeid og teaterpedagogisk arbeid så viktig – og vi snakkar då om å gje publikum nøklar, eller briller til å sjå med, slik at framstyringar prega av ein annan estetikk enn den psykologisk-realistiske, blir mindre framand og avskrekkande.

Ein annan Bjørnsonrelatert framstyring var RØDT, HVITT OG BLÅTT av Bjørnar Teigen. Dette var eit samarbeidsprosjekt med Divadlo Astorka i Bratislava i Slovakia. Astorka-teatret var saman med Teatret Vårt medlem av Magic Net frå 2005-2008, og det var gjennom dette arbeidet vi blei kjende. Før dette samarbeidet mellom 14 teater i 12 land var avslutta, bestemde Astorka og Teatret Vårt å lage ein samproduksjon i 2010, sidan det alt då var kjent at 2010 skulle vere Bjørnsonår, og det jo finst ei heilt spesiell binding mellom Bjørnson og Slovakia. Lenge så det ut til at samproduksjonen skulle kunne bli ein del av HHMM Kongen og Dronninga sitt statsbesøk til Slovakia hausten 2010. Dette vart det dverre ikkje noko av på grunn av logistikkproblem. Den norske ambassaden i Bratislava har likevel vore til

god hjelp og støtte i samband med det gjestespelet som blei gjennomført i november under Astorka-festivalen. Der synte teatret både RØDT, HVITT OG BLÅTT og OVER ÆVNE II.

RØDT, HVITT OG BLÅTT hadde premiere under Bjørnsonfestivalen og fekk god omtale i dei avisene som meldte framstyringa. Denne framstyringa på ein liten time er leiken og teatral i forma, eit slags klovnespel om politikken sine basale, nærmast infantile karakter . Det handlar om mekanismane som verker i all slags politisk undertrykking. Patrik Lancaric frå Slovakia hadde fått særskilt mykje ut av si lesing av Teigen sitt skodespel, og dei tre skodespelarane fann fram til eit heilt eige og leikent teaterspråk som også peika på teatret sin univeralitet. Tre skodespelarar: ein frå Slovakia og to frå Noreg, og språket på scenen var både norsk og slovakisk. Denne språkblandinga som også reflekterte noko av hovudtematikken i stykket blei ein særlig kvalitet i framstyringa sjølv om det var særskilt krevjande for aktørane å skulle lytte og respondere til eit språk dei overhovedet ikkje skjønte.

Det blei også laga eit Bjørnsonprogram særleg for bruk i eldreibruksinstitusjonar. Det fekk tittelen ENN OM VI KLEDDE FJELLET? Her medvirkta fire skodespelarar og ein pianist. Teatersjefen og skodespelarane hadde samla stoffet og hadde ansvar for regi. Programmet har vist seg særskilt populært og vil bli vist på oppføring også i 2011.

## Jazzteater

Sommaren 2010 gjekk den femtiande internasjonale jazzfestivalen av stabelen i Molde. Det var naturleg for teatret å markere dette og som dei seinare år på kunstnarleg vis sjå fram mot opninga av teater- og jazzhuset med samarbeidsprosjekt og framstyringar som er genreoverskridande og nyskapande på den måten. Vi synest at framstyringa DRIVING MILES er et døme på prosjekt ein vil sjå meir av. Kim Sørensen var regissør. Atle Halstensen var musikalsk leiar og på scenen stod Per Egil Aske saman med ein særskilt godt utdanna jazztrio med Ole Jørn Myklebust i spissen. Denne framstyringa var teatret si gáve til Molde International Jazzfestival i høve jubileet. Henning Mankell hadde skrive ein enkel og gripande tekst om musikk, menneskeliv og mirakel i kvardagen. Saman med musikken i denne blandinga av teaterframstyring og jazzkonsert nådde Aske si

forteljing rett til hjarterøtene på eit stort og entusiastisk publikum. Tårar fell både av latter og melankoli. Denne framsyninga skal sikrast eit seinare liv. Ho blei teke fram allereie i september og vil bli spela på Moldejazz også i 2011.

### **Endå ein Mankell-premiere**

I mars hadde Teatret Vårt urpremiere på framsyninga EN HØSTKVLED FØR STILLHETEN av Henning Mankell. Dette er eit skodespel som Mankell hadde skrive for Teatret Vårt og var lagt til omtrent den tida då Mankell sjølv var aktiv som sceneinstruktør ved teatret. Handlinga utspilte seg på fiskeveret Ona der ein gruppe menneske er på jakt etter sommarhus. Desse menneska blir isolerte ute i havgapet på grunn av ein hauststorm, og framande menneske blir konfronterte med kvarandre. I stykket tek Mankell for seg det han ser som eit vendepunkt i vår moderne historie. Det gamle tradisjons-samfunnet blir erstatta med noko anna, noko moderne, noko vi framleis er. Kva var det som skjedde? Kva fekk vi og kva mista vi på vegen? Teatret er nøgd med resultatet, eit tradisjonelt stykke teater med gode skodespelarprestasjoner. Regi var ved teatersjefen og scenograf var Thomas Bjørnager.

### **Hele Norges Bennus**

HELE NORGE S BENNUS var eit tingingsverk av Håvard Melnæs, ein samtidskomedie med satirisk søkeljos på kjendissamfunnet, på sjølvopptatte og narsissistisk notidsmenneske. Prøvearbeidet tok til før ein hadde kome fram til heilt ferdig manuskript. Dette var nok ikkje heldig. Etter premieren trekte dramatikaren namnet sitt frå framsyninga, og teatret er sjølvsagt lei seg for det. Framsyninga hadde klare kvalitetar. Ikke minst var det mange gode skodespelarprestasjoner, men kritikkane var delte. Lokalpressa var positiv, mens avisene frå Oslo var gjennomgåande negative. Det blei mykje media-vind rundt det at dramatikaren ikkje vedstod seg teksten sin, men denne merksemda ga ikkje positive utslag for billettsalet. Eit godt førehandssal stogga brått og salet på turne var under middels.

.Oslo-pressa sin kritikk syntest å legge til grunn eit heilt anna prosjekt enn det som blei presentert. Underhaldning med eit skeivt blikk på det norske samfunnet var ambisjonen og ikkje ein djuptpløyande samfunnsanalyse.

### **Den kulturelle skulesekken**

Den kulturelle skulesekken er eit viktig kulturpolitisk instrument for regionteatret. Av eit totalbesøk på noko over 30 000 i 2010 ligg talet på elevar som ser framsynigane i skuletida noko over 15 000. Dette er høgare enn vanleg, men skuldast at det blei halde ein særslig omfattande turne med Taremareby.

TAREMAREBY blei teke med over frå haustsesongen 2009 og gjekk 56 gonger også i 2010 for over 9000 skuleelevar i Den kulturelle skulesekken. Det totale talet på framsyninga for TAREMAREBY blei då 89 og publikumstalet 14 184. Dette er særslig, også i historisk samanheng.

Til Den kulturelle skulesekken blei det også laga eit litteraturprogram. Teatret laga ein enkel dramatisering av DOKTOR PROTORS PROMPEPULVER for to skodespelarar. Denne versjonen er tenkt som eit første skritt mot ein full dramatisering av boka. Desse framsyningane held fram i 2011. I 2010 var det om lag 2500 barn som såg programmet.. Også OVER ÆVNE II gjekk i ein turneversjon for ungdoms- og vidaregåande skular.

Sidan Barneteatret Vårt er etablert i Ålesund vil nok måten vi arbeider med barne- og ungdomsteater endra seg noko: Ei arbeidsdeling kjem til å komme. Det tyder ikkje at Molde-delen av teatret skal slutte å spele barneteater. Det er meir ei tyngdeforskyving, men likevel er det grunn til å tru at mykje av det som skal lagast for Kultursekkjen kjem til å bli produsert i Ålesund, kan hende med unnatak av det som skal til ungdomsskulen og den vidaregåande skulen. Kultursekkjen gjer det mogleg å nå mange barn- og unge. Han gjer eit breiare kvalitetstilbod mogleg, og Teatret Vårt når ut til nærest alle kommunar i Fylket. I 2010 var Teatret Vårt på vitjing i 23 av 35 kommunar. Det er noko mindre enn vanleg.

Turneverksemda er sentral på dette teatret: 140 framsyningar var i 2010 utanfor Molde, og publikum utanfor Molde kommune var 17 649.



### **EN HØSTKVLED FØR STILLHETEN**

Jan Erik Berntsens og Line Starheimsæter.

FOTO: ARILD MOEN



### **EN HØSTKVLED FØR STILLHETEN**

Vivi Sunde.

FOTO: ARILD MOEN



## OVER ÆVNE II

Per Emil Grimstad og Hugo Mikal Skår.

FOTO: ARILD MOEN



## OVER ÆVNE II

Hugo Mikal Skår og Valborg Frøysnes.

FOTO: ARILD MOEN

## Sidescenen

2010 var eit sers aktivt år på Sidescenen med over 40 framsyningar (33 ulike produksjonar) i løpet av året med eit gjennomsnittsbesøk på 50 publikummarar på arrangementa (totalt ca 2000). Dei fleste tilboda var ei oppfølging av Sidescene-seriane "Tett på", "Tid for bok", "Tid for musikk" og "Barnekrok".

## Lærlingen

Lærlingen, Teatret Vårt si eiga teater- og musikkgruppe for ungdom, har blitt ein populær aktør i mange samanheng. I løpet av 2010 har Lærlingen hatt kulturinnslag for eit breitt spekter av publikum på mange konferansar, opning av studieåret på Høgskolen i Molde, humanetisk konfirmasjon, eigen utekonsert på Moldejazz med meir og på ein del Sidescener på Teatret Vårt. I tillegg har Lærlingen laga eigne konsertar og teaterfram- syningar, som til dømes HEIT SOMMER.

## Heit sommer

I juni/juli 2010 produserte Lærlingen ein eigen musikalsk sommarkabaret med tittelen Heit sommer. Leiari for Lærlingen, formidlingsleiar Rolf Magnus Orø, skreiv manus og hadde regien. Musikkarrangementa vart laga av ulike Lærlingar. Totalt 17 aktørar deltok i framsyninga. Dette var ei blanding av noverrande og tidlegare Lærlingar, fleire med utdanning frå musikkonservatorium. Heit sommer vart spelt 7 gonger til stor begeistring for 690 betalande publikummarar og for dei engasjerte ungdommene.

## DUS = Den Unge Scenen

DUS er eit nasjonalt prosjekt som vart oppretta i 2004 for heve nivået på ungdomsteater i Norge. DUS bestiller og utviklar sceniske tekstar skrevet spesielt for ungdom, og som blir framførd av ungdom.

Teatret Vårt er vertsteater for region Møre og Romsdal. Det betyr at vi har ansvaret for å følgje opp dei deltagande gruppene i regionen/fylket og for å arrangere ein regional DUS-festival. Denne vart først arrangert i februar 2011, men arbeidet i gruppene starta rundt sommaren 2011 då dei nye DUS tekstane var ferdig skrevet. I Møre og Romsdal var det totalt 7 DUS-grupper frå Vanylven (1 gruppe), Ålesund (4 grupper) og

Molde (2 grupper). Lærlingen var ei av desse gruppene. Lærlingen valte manuset "1975" av Jesper Halle.

## Utlýsing og tilsetjing av ny teatersjef

Carl Morten Amundsen varslet styret om at han går av etter tre perioder som teatersjef. Stillinga blei lyst ut og 13 søkerar melde seg. Eit innstillingutsval på tre personar blei sette ned av styret. I utvalet satt styreleiar, nestleiar og representanten for dei tilsette. Ei innstilling blei lagt fram for styret i styremøte 13. desember. Eit samråystes styre tilsette scenograf Thomas Bjørnager som teatersjef. Tiltreding skjer 1. januar 2012 etter avtale med styret og avtroppende teatersjef. Bjørnager er tilsett i eit åremål på fem år.

# BARNETEATRET VÅRT

av kunstnerisk leder Eva Eklöf Mørkeset

1. august 2010 starta Teatret Vårt si nye avdeling i Ålesund: Barneteateret Vårt. Offisielt opna teatret laurdag 9. oktober. Barneteateret skal i hovedsak produsere teater for barn og unge i alderen 0-15 år.

Vår første produksjon var "Alle døde små dyr", etter ei bok av Ulf Nilsson, dramatisert av Volker Quandt. Stykket handlar om to barn som startar eit begravelsesbyrå for døde dyr: Begravelser AS. Med innsikt og humor har forfattaren skapt ei gjenkjenneleg historie om leik og alvor, liv og død. Leiken er herleg usentimental, og har ei tone av underliggende alvor.

Målgruppa for produksjonen var 5 til 9 år. Vi spelte 28 forestillingar i Ålesund, i Molde og på turné i Møre og Romsdal. Det er første gongen stykket er oppført i Norge. Regissør var Katinka Rydin Berge og scenografi ved Susanne Fjørtoft.

I vår andre produksjon, "Prikkesyken", som hadde premiere 5. mars 2011, har vi dramatisert ei av Bjørn Rørviks bildebøker. Her møter vi den oppfinnsomme Reven og hans gode venn, Grisungen, i elleville forsøk på å lure Kua til å gi dei godteri og brus. Det er ei forestilling om vennskap, fantasi, leik og lureri. Regissør denne gongen er Rune Jacobsson, med scenografi ved Märta Fallenius.

Forestillinga har fått strålende kritikk og har så langt hatt 20 forestillingar i Ålesund for fulle hus. Vi er nå midt i speleperioden og det står igjen 18 forestillingar i Ålesund, Molde og på turné i fylket. Målgruppa denne gongen er 3-100 år.

Produksjonen skal også på turné rundt i Møre og Romsdal i regi av Kulturnista hausten 2011.

Den neste produksjonen blir "Hvit" av Andy Manly og Catherine Wheels Theatre Company, ei forestilling for 0-3-åringar. Denne er planlagt med premiere 12. oktober 2011 under Ålesund Teaterfestival.

I tillegg til produksjonane har vi laga ei ramme rundt forstillingane der publikum får delta. Under "Alle døde små dyr" hadde publikum før og etter forestilling sjansen til å bevege seg gjennom ein skog oppbygd av ulike installasjoner, lydkulisser o.l. Dei blei også invitert til å måle gravsteinar til avdøde kjæle-dyr.

Til "Prikkesyken" har vi bygd opp eit feltsjukehus der sjuke kosedyr får behandling. Publikum blir oppfordra til å ta med seg kosedya sine for behandling på sjukehuset, og blir møtt av eit kompetent sjukehuspersonale (teaterelever) som behandler dyra. Desse tiltaka har vist seg å vere uhyre populære, og vi har som mål å ha liknande opplevelingar i tilknytning til alle produksjonane våre.

Vi bruker unge teaterelever i fleire funksjonar ved teatret under forestilling. I så stor grad som råd ønsker vi at dei som møter publikum (billettørar, kafépersonale, garderobevakter osv.) skal vere barn og ungdom.

Under åpningen av Barneteatret Vårt var vårt personalet barn, utkledd som voksne. Hovedtalar for dagen var ein gut på sju år som delte sine tankar om kva han meiner teater skal vere.

## Målsetting:

Vår viktigaste oppgave er å skape gode teateropplevelinger for barn og unge gjennom å lage forestillingar som underheld, skaper glede og latter, berører og vekker undring, og som samtidig belyser tema som barn og unge er opptatt av, som gjer tankane og draumane deira synlege, formidlar kultur og bidrar til at dei blir hørt. Vi må passe på den vanskelege balansegangen mellom å lage produksjonar som er populære og som sel, og samtidig tilby forestillingar som fortel noko nytt, som speglar kvardagen og kulturen barna lever i. Det betyr ikkje at vi skal legge "Pippi" og "Hakkebakkeskogen" på hylla, men vi må også satse på andre ting, våge å behandle tema som kan vere kompliserte, og som likefullt er ein del av barna sin kvardag.

Vi ønsker å satse mykje på ny dramatikk, og vi håper å få til eit tett samarbeid med for eksempel den nye dramatikarutdanninga for barnebokforsfattarar ved Norsk Barnebokinstitutt.

Det er viktig for oss å kommunisere med målgruppa lenge før den ferdige forestillinga når sitt publikum. Vi har oppretta referansegrupper som vi har dialog med før vi vel stykke og tema, og vi bruker desse gjennom forskjellige faser i utviklinga av produksjonane.

Vi skal også vere bevisst på å lage teater for barn som har dei samme høge krava til kvalitet i alle ledd som når vi lagar kunst for voksne.



## OVER ÆVNE II

Per Emil Grimstad og Valborg Frøysnes.

FOTO: ARILD MOEN



## OVER ÆVNE II

Per Emil Grimstad.

FOTO: ARILD MOEN



## ALLE DØDE SMÅ DYR

Ida Klem og Erik Skøld.

FOTO: ARILD MOEN



## ALLE DØDE SMÅ DYR

Ida Klem og Erik Skøld.

FOTO: ARILD MOEN

# RESULTATREKNESKAP

	NOTE	2010 Rekneskap	2009 Rekneskap
<b>I Driftsinntekter</b>			
Billett- og programsal	2	2 337 875	1 660 569
Andre inntekter		2 386 984	1 340 630
Driftstilskott		26 187 286	23 533 000
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>30 912 145</b>	<b>26 534 199</b>
<b>II Driftskostnader</b>	1		
Kostnader arbeidskraft	3, 4, 5	18 352 574	13 391 124
Materialkostnader		707 678	585 402
Sal- og informasjonskostnader		1 321 426	1 263 904
Kostnader lokale		2 604 246	2 211 273
Utstyrskostnader		182 535	133 707
Avskrivningar	6	728 204	653 959
Andre driftskostnader		6 989 446	7 207 488
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>30 886 109</b>	<b>25 446 858</b>
<b>III Driftsresultat</b>		<b>26 037</b>	<b>1 087 342</b>
<b>IV Finansielle postar</b>			
Finansinntekter		149 766	113 308
Finanskostnader		60 485	54 940
<b>Resultat av finansielle postar</b>		<b>89 281</b>	<b>58 369</b>
<b>V Resultat før EOP</b>		<b>115 318</b>	<b>1 145 710</b>
<b>VI Ekstraordinære postar</b>			
Ekstraordinære inntekter			
Ekstraordinære kostnader			
<b>Resultat av ekstraord. postar</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>VII Årsresultat</b>		<b>115 318</b>	<b>1 145 710</b>
<b>Avsett til/overført frå annan eigenkapital</b>		<b>115 318</b>	<b>1 145 710</b>

## BALANSE pr. 31.12.

	NOTE	2010	2009
<b>Anleggsmidlar</b>			
Varige driftsmidlar	6	3 152 691	2 480 722
Finansielle anleggsmidlar	9	464 609	2 486 257
<b>Sum anleggsmidlar</b>		<b>3 617 300</b>	<b>4 966 979</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
Kundefordringar		1 296 646	185 764
Andre kortsiktige fordringar	10	1 453 509	2 475 898
Kasse, bank	8	3 912 075	2 095 653
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>6 662 230</b>	<b>4 760 315</b>
<b>SUM ANLEGGSMIDLAR OG OMLØPSIDLAR</b>		<b>10 279 530</b>	<b>9 727 294</b>
<b>Eigenkapital</b>			
Innskutt eigenkapital			
Aksjekapital (275 á 2 000,-)		550 000	550 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		3 976 569	3 861 252
<b>Sum eigenkapital</b>	7	<b>4 526 569</b>	<b>4 411 252</b>
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Lån		0	2 080 800
<b>Sum langсiktig gjeld</b>		<b>0</b>	<b>2 080 800</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Kreditorar		623 244	789 787
Skuldig offentlege avgifter		1 399 023	963 379
Anna kortsiktig gjeld		3 730 694	1 482 076
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	10	<b>5 752 961</b>	<b>3 235 242</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>10 279 530</b>	<b>9 727 294</b>



**ALLE DØDE SMÅ DYR**

Erik Skøld og Ida Klem.

FOTO: ARILD MOEN



**ALLE DØDE SMÅ DYR**

Erik Skøld og Ida Klem.

FOTO: ARILD MOEN



## DRIVING MILES

Sigurd Hole, Ole Jørn Myklebust og Per Egil Aske.  
FOTO: ARILD MOEN



## DRIVING MILES

Per Egil Aske.

FOTO: ARILD MOEN

## NOTAR

### Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små føretak.

Desse rekneskapsprinsipp er brukt: Inntekter blir resultatførde etter kvar einskildt framsyning.

Omlaupsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfall til betaling innan eitt år. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omlaupsmiddel er vurderte til lågaste innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmiddel er vurderte til innkjøpskostnad, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikke forventar at verdifallet er forbriegåande.

Kundefordringar og andre fordringar er førde i balansen til pålydande. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane. Det er ikkje gjort avsetjing til eventuelle tap pr. 31.12.

Andre varige driftsmiddel blir balanseførde og avskrivne lineært til restverdi over gjenverande avskrivingstid.

Aksjar og andeler i datterselskap og tilknytta selskap er oppført til innkjøpskostnad, justert for eventuell varig nedgang i verdi.

Forsikra pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført - kostnadene er lik premien. Leigeavtalar er ikkje balanseført.

### Note 1: Turnéutgifter

	2010	2009
Lønsrelaterte kostnader	1 486 000	1 000 000
Husleige, arr.honorar m.m	75 500	240 000
Transport og bilhald	276 600	447 000
Hotel	500 000	475 000
Annonsering på turné	281 000	346 000
<b>Sum turnéutgifter</b>	<b>2 619 100</b>	<b>2 508 000</b>

Turnéutgiftene er definert som utgifter direkte knytt til turnéverksemrd. Ordinær lønn i turnéperioden er tildømes ikkje medrekna her, men kostnader til turnétillegg, diett m.m. som direkte kan knytast til turnéverksemrd.

### Note 2: Billettinntekter

Taremareby	721 775
Hele Norges Bennus!	132 932
En høstkveld før stillheten	248 591
Over Åvne II	441 957
Driving Miles	155 868
Prikkesyken	98 380
Heit sommer	77 210
Doktor Proktor	292 825
Mindre produksjonar	168 338
<b>2 337 875</b>	

### Note 3: Godtgjersle

For perioden 01.01.10 til 31.12.10 er det utbetalt honorar til styret med kr. 113 750,-.

Løn til teatersjef kr. 699 842,-. Anna godtgjersle kr. 138 948,-. Revisor har motteke kr. 52 500,- som godtgjersle for ordinær revisjon.

### Note 4: Lønskostnader

	2010	2009
Løningar	13 680 221	10 041 530
Arbeidsgivaravgift	2 126 050	1 552 317
Pensjonskostnader	1 354 866	1 059 933
Andre ytingar	1 191 437	737 344
<b>Sum</b>	<b>18 352 574</b>	<b>13 391 124</b>

### Note 5: Pensjonsforpliktingar

Teatret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning og AFP dekka gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse.

**Note 6: Varige driftsmidler**

	Bilar	Maskiner inventar	Bygg	Sum
Kostpris	1 031 961	3 548 123	1 202 302	5 782 385
Tilgang i året	0	1 400 173	0	1 400 173
Sal i året	0	0	0	0
Akk.avskr.	515 404	2 312 161	1 202 302	4 029 867
Bokf. verdi 31.12.	516 557	2 636 134	0	3 152 691
Årets avskr.	71 572	442 693	213 939	728 204
Avskr. tid	10	10	20	
Avskr. plan	Lineær	Lineær	Lineær	

**Leiekontraktar**

Årleg leige av Julsundvegen 4 er kr 1 375 090.

Leiekontrakten går ut 1. mars 2012 med rett til fornying.

Årleg leige av verkstad og lagerlokalar i Krohnsvingen 1 er kr 180 696. Leiekontrakten går ut 1. august 2012 med rett til fornying.

**Note 7: Aksjekapital og aksjeinformasjon**

	Aksje- kapital	Annan EK	Sum
EK pr. 31.12.09	550 000	3 861 251	4 411 251
Årsresultat		115 318	115 318
EK pr. 31.12.10	550 000	3 976 569	4 526 569

Aksjonærer pr. 31.12.2010 var:

	Antall	Eier- andel	På- lydende	Balanse- ført
Møre og Romsdal fylke	132	48 %	2 000	264 000
Molde kommune	132	48 %	2 000	264 000
Noregs Ungdomslag, Møre og Romsdal	11	4 %	2 000	22 000
<b>Sum</b>	<b>275</b>	<b>100 %</b>		<b>550 000</b>

**Note 8 Bankinnskott**

Det er avsett kr. 758 340,- på eigen bankkonto for skattetrekksmidlar.

**Note 9 Finansielle anleggsmidler**

	2010	2009
Stiftelsen Bjørnsonfestivalen	30 000	30 000
Stiftelsen Ålesund Teaterfestival	3 000	3 000
Stiftelsen Schwittersdagene	5 000	5 000
Aksjekapital i Molde Kulturbrygg AS	46 000	46 000
Eigenkapital i KLP	276 409	243 257
Ansv. lån Molde Kulturbrygg AS	0	2 080 800
<b>Sum</b>	<b>360 409</b>	<b>2 408 057</b>



DRIVING MILES

Ole Jørn Myklebust.

Foto: ARILD MOEN



DRIVING MILES

Per Egil Aske.

Foto: ARILD MOEN

**Fast og åremåls tilsett personale**

Teatersjef/administrasjon/ marknad/formidling	11
Skodespelarar	9
Teknisk personale	8
<b>Sum tilsette</b>	<b>28</b>

**Framsyningar og billettinntekter**

Publikum	30 684
Framsyningar	301
Billettinntekter	2 337 85
Gj.snitt inntekt pr.bill.	76,19

**Totale driftsinntekter- og utgifter**

Eigne inntekter	4 726 095
i prosent av totale driftsutgifter	15,3%

**Tilskott**

Staten (kap. 324, post 71)	18 331 000
Møre og Romsdal fylkesk.	3 928 000
Molde kommune	3 714 000
Ålesund kommune	214 286
<b>Samla tilskott</b>	<b>26 187 286</b>

**Note 10: Periodiseringar**

Forskottsbetalte kostnader i 2010 som er aktivert og vil bli regnskapsført på åra 2011/2012 er:

Enron	1 154 426
Åpningsframsyning nytt hus	200 000
<b>Samla</b>	<b>1 354 426</b>

Forskottsbetalte inntekter i 2010 som er aktivert og vil bli regnskapsført på åra 2011/2012 er:

Utstilling av dokker i	
Ingebrigts Davik-huset	15 888
Avsetn. nytt sceneteppe i nytt hus	16 300
Billettinnt. Enron - førehandssal	35 680
	<b>67 868</b>

Forskottsbetalt huslegetilskott nytt hus frå Møre og Romsdal fylkeskommune 2 080 800.

Molde 14. april 2011

  
Elen Lein  
styreleiar

  
Ottar Brage Guttelvik  
styremedlem

  
Heidi-Iren Wedlog Olsen  
styremedlem

  
Per Kåre Trengereid  
nestleiar

  
Vivi Sunde  
styremedlem

  
Per Kristian Øyen  
styremedlem

  
Heidi Løklingholm  
styremedlem

  
Carl Morten Amundsen  
teatersjef

## STATISTIKK 2010

	For barn og ungdom			
Produksjon	Publikum	Fram-synningar	Publikum	Fram-synningar
<b>Eigenproduksjonar</b>				
Taremareby	9 678	56	9678	56
En høstkveld før stillheten	2 322	29		
Over Ævne II	5 334	34		
Juleglede	165	5		
Hele Norges Bennus!	1 461	25		
Lærlingan	270	4		
Alle døde små dyr	2 161	31	2161	31
Dr. Proktors prompepulver	2 235	22	2235	22
Daniel 33	97	4		
En som går forbi	100	3		
Driving Miles	1 918	13		
Enn om vi kledde fjellet?	683	16		
Rødt, hvitt og blått	309	4		
Heit sommer	690	7		
<b>Sum eigenproduksjonar</b>	<b>27 423</b>	<b>253</b>	<b>14 074</b>	<b>109</b>
<b>Samproduksjonar</b>				
Løft ditt hode	744	1		
Babar	250	3	250	3
<b>Sum samproduksjonar</b>	<b>994</b>	<b>4</b>	<b>250</b>	<b>3</b>
<b>Gjestespel</b>				
Tango-rett og slett	75	1		
Django i hundre	160	1		
Klokka	60	2	60	2
<b>Sum gjestespel</b>	<b>295</b>	<b>4</b>	<b>60</b>	<b>2</b>
<b>Sidescenen og andre forestillinger</b>				
Sidescenen	1 640	36		
Barnlige lyst	60	1	60	1
Struktur	272	3		
<b>Sum andre</b>	<b>1 972</b>	<b>40</b>	<b>60</b>	<b>1</b>
<b>Sum 2010</b>	<b>30 684</b>	<b>301</b>	<b>14 444</b>	<b>115</b>

## ØKONOMISK RESULTAT

	2010	2009	2008
<u>Inntekter:</u>			
Billetsal	2,3	1,7	2,0
Anna	2,4	1,3	1,1
Tilskott	26,2	23,5	21,30
<b>Sum</b>	<b>30,9</b>	<b>26,5</b>	<b>24,4</b>
<u>Kostnader</u>			
Drift	30,8	25,4	24,0
Finansk.	0,0	0,0	-0,1
Ekstraord.	0,0	0,0	0,0
<b>Resultat</b>	<b>0,1</b>	<b>1,1</b>	<b>0,5</b>
<b>Eigenkapital pr 31.12</b>			
<b>Sum</b>	<b>4,5</b>	<b>4,4</b>	<b>3,2</b>



**HELE NORGES BENNUS!**

Per Emil Grimstad, Bennus og Ina Breivik.  
Foto: ARILD MOEN



**HELE NORGES BENNUS!**

Vivi Sunde og Herman Bernhoft.

Foto: ARILD MOEN



## RØDT, HVITT OG BLÅTT

Marian Viskup og Hilde Marie Farstad Bergsersen.  
Foto: ARILD MOEN



## RØDT, HVITT OG BLÅTT

Marian Viskup og Daniel Karlsson.  
Foto: ARILD MOEN

## REVISJONSmelding

### INTER REVISJON

Inter Revision AS  
Servicebokte 15 5006 Molde, NO  
Tlf. +47 71 20 62 00  
Fax: +47 71 20 62 01  
Org.nr.: NO 988 617 105 MVA  
E-mail: rmolde@interrevision.no  
[www.interrevision.no](http://www.interrevision.no)

Medlemmer av Den norske Revisorforening

Til generalforsamlingen i

AS Regionteatret i Møre og Romsdal

### REVISORS BERETNING FOR 2010

#### Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for AS Regionteatret i Møre og Romsdal, som består av balanse per 31. desember 2010 og resultatregnskap som viser et overskudd på kr 115.318,- for regnskapsåret avsluttet per denne datoene, og en beskrivelse av vesentlig anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

#### Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

#### Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebefatter utferdelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for belepenne og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjevn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlingene som er hensiktmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktmessige og om regnskapsestimatorene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til AS Regionteatret i Møre og Romsdal per 31. desember 2010 og av resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoene i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge.

Inter Revision AS arbeider internasjonal gjennom Praxity – En global allianse av uavhengige revisjonselskaper



### INTER REVISJON

Side 2 av 2

#### Uttalelse om øvrige forhold

#### Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til anvendelse av overskuddet er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon", mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Molde 14. januar 2011  
Inter Revision AS  
  
Jarle Mellingsen  
statssertifisert revisor

# REPERTOAR 2010

## HOVUDPRODUKSJONAR

### Taremareby

av Ingebrigts Davik

Medverkande: Gøril Haukebø, Valborg Frøysnes, Hugo Mikal Skår, Ivar Furre Aam, Per Emil Grimstad

Regi: Knut Alfsen

Scenografi: Thomas Bjørnager

Dokkedesign/ Agnes Schou

dokkemakar: Finn Landsberg

Lysdesign: Ingebrigts Davik, Kjell Krane og Peter Baden

Musikk: Musikk

produsert og

arrangert av:

Musikk- Atle Halstensen

ansvarleg: Magnar Mork

Première 12. november 2009 i Ingebrigts Davik-huset, Brattvåg.

Framsyningar: 56 33 (2009)

Publikum: 56 9 678 4 891(2009)

### En høstkveld før stillheten

av Henning Mankell

omsett av Edvard Hoem

Medverkande: Vivi Sunde, Jan Erik Berntsen, Line Starheimsæter, Svein Solenes, Selome Emnetu, Kristin Kajander, Hilde Marie Farstad Bergersen

Carl Morten Amundsen

Regi

Scenografi og

kostymer:

Thomas Bjørnager

Lysdesign: Finn Landsberg

Maske: Birgit Haugå

Urpremière på Teatret Vårt, Molde 5. mars 2010.

Framsyningar 29

Publikum 2 322

### Over Ævne II

av Bjørnstjerne Bjørnson

Medverkande: Valborg Frøysnes, Hugo Mikal Skår, Per Emil Grimstad

Regi og scenografi: Uwe Cramer

Première i Arbeideren, Ålesund 17. mars 2010.

Framsyningar 34

Publikum 5 334

### Juleglede

Framsyningar 5

Publikum 165



HEIT SOMMER



HEIT SOMMER

Generalsponsor:



**SPAREBANKEN MØRE**

## Hele Norges Bennus!

Medverkande: Ina Breivik, Per Emil Grimstad, Gøril Haukebø, Herman Bernhoft, Hugo Mikal Skår, Line Starheimsæter, Vivi Sunde  
 Regi: Bjørnar Lisether Teigen  
 Dramaturg: Carl Morten Amundsen  
 Scenograf/  
 kostyme: Elma Gjendem-Sæter  
 Improvisasjon:  
 Lysdesign: Finn Landsperg  
 Musikk: Nina Andreassen  
 Maske: Ruth Haraldsdottir Norvik

Urpremiere på Teatret Vårt, Molde 24. september 2010.

Framsyningar: 25  
 Publikum: 1 461

## Alle døde små dyr

av Ulf Nilsson  
 Omsatt av Eva Eklöf Mørkeset  
 Dramatisert av Volker Quandt

Medverkande: Erik Skold og Ida Klem  
 Regi: Katinka Rydin Berge  
 Scenografi  
 og kostyme: Susanne Irene Fjørtoft  
 Lysdesign: Finn Landsperg  
 Maske: Anita Jacobsen Marø  
 Musikk: Jan Arild Skjøstad  
 Runar Gudnason

Noregspremiere på Barneteatret Vårt, Ålesund 9. oktober 2010.

Framsyningar 31  
 Publikum 2 161

## Dr. Proktors prompepulver

av Jo Nesbø

Medverkande: Hilde Marie Farstad Bergersen og Daniel Karlsson

Regi: Carl Morten Amundsen

Framsyningar	22
Publikum	2235

## Daniel 33

av Bjørnar Lisether Teigen

Medverkande: Hugo Mikal Skår  
 Regi: Hilde Marie Farstad Bergersen

Framsyningar	4
Publikum	97

## En som går forbi

Tekstar av Alf Prøysen

Medverkande: Arne Torvik og Herman Bernhoft

Framsyningar	3
Publikum	100

## Driving Miles

av Henning Mankell  
Omsett av Per Egil Aske

Medverkande: Per Egil Aske  
Musikarar: Ole Jørn Myklebust, Andreas Ulvo,  
                  Sigurd Hole  
Regi: Kim Sørensen  
Musikalsk  
ansvarleg: Atle Halstensen

Upremière ved Teatret Vårt/BarAlex 19. juli 2010.

Framsyningar 13  
Publikum 1918

## Enn om vi kledde fjellet?

Tekstar av Bjørnstjerne Bjørnson

Medverkande: Vivi Sunde, Line  
                  Starheimsæther, Svein Solenes, Herman  
                  Bernhoft, Hilde Marie Farstad Bergersen  
Musikar:  
Regi: Oskar Toft  
Carl Morten Amundsen

Framsyningar 16  
Publikum 683

## Rødt, hvitt og blått

om Bjørnson og Cernova  
av Bjørnar Lisether Teigen

Medverkande: Hilde Marie Farstad Bergersen,  
                  Daniel Karlsson, Marian Viskup  
Regi og  
scenografi: Patrik Lancaric  
Dramaturg: Carl Morten Amundsen  
Oversettelse: Peter Kerlik  
Lys: Finn Landsberg

Ein samproduksjon mellom Teatret Vårt og Divadlo Astorka,  
Bratislava.

Framsyninga var ein del av Bjørnsonmarkeringen 2010.

Upremière på Teatret Vårt, Molde 2. september 2010 under  
Bjørnsonfestivalen.

Framsyningar 4  
Publikum 309

## Heit sommer

Sommarrevy med Lærlingen  
Ansvarleg: Rolf Magnus Orø

Framsyningar 7  
Publikum 690

Hovudsponsorar:



Romsdals Budslifte

Sunnmørsposten

Støtta av:



KULTURDEPARTEMENTET



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## STYRET VED TEATRET VÅRT

### Representantar frå Staten:

Elen Lein	styreleiar
Heidi Løklingholm	styremedlem
Per Kristian Øyen	styremedlem
Leon Aurdal	varamedlem

### Representant frå Møre og Romsdal fylkeskommune:

Ottar Brage Guttelvik	styremedlem
Willy Loftheim	varamedlem

### Representant frå Molde kommune:

Per Kåre Trengereid	nestleiar
Ingrid Kvande	varamedlem

### Representant frå Noreg ungdomslag, Møre og Romsdal:

Heidi-Iren Wedlog Olsen	styremedlem
Aud Solveig M. Pedersen	varamedlem

### Representant frå dei tilsette:

Til generalforsamling 2010: Valborg Frøysnes	styremedlem
Svein Larsen	varamedlem/observatør
Frå generalforsamling 2010: Vivi Sunde	styremedlem
Finn Landsberg	varamedlem/observatør

## REPRESENTASJON

### Stiftelsen Bjørnsonfestivalen:

Carl Morten Amundsen	styremedlem
----------------------	-------------

### Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:

Knut Lidvard Høgset	styremedlem
---------------------	-------------

### Norsk Teater- og orkesterforening:

Elen Lein	styremedlem
-----------	-------------

### Forhandlingsutvalet i Norsk Teater- og orkesterforening:

Carl Morten Amundsen	medlem
----------------------	--------

### Norsk Teaterlederforum:

Carl Morten Amundsen	styreleiar
Knut Lidvard Høgset	medlem

### Molde Kulturbygg AS:

Carl Morten Amundsen	nestleiar
Per Einar Langseth	styremedlem

# PERSONALE VED TEATRET VÅRT

## Skodespelarar/kunstnarleg tilsette:

Per Egil Aske	skodespelar	(7.6. - 25.7.)
Hilde M. F. Bergersen	skodespelar	
Herman Bernhoft	skodespelar	(frå 1.8. -)
Jan Erik Berntsen	skodespelar	(1.8. - 31.10.)
Ina Breivik	skodespelar	(1.8. - 31.10.)
Selome Emnetu	skodespelar	(1.1. - 30.4.)
Valborg Frøysnes	skodespelar	(permisjon)
Per Emil Grimstad	skodespelar	
Gøril Haukebø	skodespelar	
Kristin Kajander	skodespelar	(1.1. - 30.4.)
Daniel Karlsson	skodespelar	(frå 1.8. - 31.12.)
Ida Klem	skodespelar	(frå 9.8. - 31.12.)
Erik Skøld	skodespelar	(frå 9.8. -)
Hugo Mikal Skår	skodespelar	
Svein Solenes	skodespelar	(permisjon)
Line Starheimsæther	skodespelar	
Vivi Sunde	skodespelar	
Bjørnar L. Teigen	instruktør	(frå 1.8.)
Marian Viskup	skodespelar	(2.8. - 22.8.)
Ivar Furre Aam	skodespelar	(1.1. - 12.6.)

## Teknisk:

Gerd G. Austnes	systova
Mathias Hammerø	snikkar/teknikar
Bjørn Kaldvatsvik	inspisient
Knut Arve Karlberg	teknikar
Finn Landsperg	lysmeister
Svein Larsen	teknisk leiar
Åshild Mjåseth	systova/leiar
Bergliot Rørvik	rekvisitør
Elin Nyheim	inspisient

## Administrasjon:

Carl Morten Amundsen	teatersjef
Mary Farstad	adm.konsulent
Halvard Fiksdal	produsent
Rolf-Inge P. Hjelseth	informasjonsleiar
Bente M. Hoflandsdal	løn- og rekneskap
Venche Husevik	billettseljar
Knut Lidvard Högset	direktør
Evy Johannessen	adm.sekretær
Eva Eklöf Mørkeset	kunstnerisk leder
Rolf Magnus Orø	Barneteatret Vårt (frå 1.8.)
Kristian L. Strømskag	formidlingsleiar
Solveig Mordal Vågen	dramaturg (deltid)
	marknadsleiar

Støtta av:



MOLDE KOMMUNE



ÅLESUND KOMMUNE

*Teatret Vårt*

*Barneteatret Vårt*

REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

Telefon 71 24 02 80 - E-post: [post@teatretvart.no](mailto:post@teatretvart.no) - Internet: [www.teatretvart.no](http://www.teatretvart.no)